# ÅRSRAPPORT 2021

— Mangfald, motivasjon og meistring —

Haugland Rehabiliteringssenter



Foto: RKHR

## STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2021 hatt
7 medlemmer:

Elsbeth Sande Tronstad, Styreleiar
Børre Jacobsen, Nestleiar
Bjørn Lied Tønnesen, Styremedlem
Aud Viken, Styremedlem
May Aasebø Hauken, Styremedlem
Katrine Hjertholm, Styremedlem
(repr. for tilsette)
Karine Rønneseth, Styremedlem
(repr. for tilsette)

Vara:
- Jofred Åsnes
- Jøril Hovland
- Øyvind Lindelid

## BRUKARUTVALET

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har eit brukarutval som skal sikre brukaren si stemme og hjelpe institusjonen med å ha god kvalitet i tilbodet. Brukarutvalet er oppnemnt av leiinga ved institusjonen, med bistand frå FFO, og representerer ulike brukargrupper ved senteret. Utvalet er sett saman av fire medlemmer, rekruttert frå brukarorganisasjonane.

Medlem:
Gerd Torkildson, Blodkreftforeningen, Sogn og Fjordane
Øystein Ryningen, Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane
Kari Ann Holme, MS Forbundet Sogn og Fjordane
Synnøve Solhaug Engen, Hørselshemmedes Landsforbund Vestland

Varamedlemmar:
Hjørdis Åsnes, Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane
Stein Magne Aksnes, Kreftforeningen, Hordaland
Thorbjørg Aasen, LHL Sogn og Fjordane (LHL Askvoll)

Grafisk formgjeving: Vookal, Førde

# HELSING FRÅ STYRELEIAR


Styreleiar: Elsbeth Sande Tronstad

2021 – nok et år i covid-pandemiens tegn. Men til tross for pandemi har aktiviteten på Haugland-senteret vært høy. Helse Vest valgte å forlenge avtalen om spesialisert rehabilitering og levering av tjenester innen arbeidsrette behandling ut 2022. Aktivitetskravet ble redusert fra 90% til 80% frem til November, på grunn av pandemien. Dette var motiverende for de ansatte ved senteret, og det gikk sport i å finne gode praktiske løsninger i det daglige arbeidet for å unngå smitte inne på senteret. Det gikk bra, men vi unngikk ikke smitte helt, hverken blant de ansatte eller pasientene. Målet – 80% - som ble satt av Helse Vest ble oppnådd.

Til tross for pandemi har kontakten mellom styret og administrasjon vært god. Styremøtene, med unntak av to, er blitt avholdt på teams. Det har fungert godt. Det vil bli flere fysiske styremøter fremover, men muligheten til å avholde møter på teams, vil fortsatt bli benyttet.

Pensjonsordningen for de ansatte har vært oppe til diskusjon flere ganger over flere år. Både fra styret og administrasjonen var det ønske om å modernisere ordningen. Styret besluttet derfor å be administrasjonen legge opp til en prosess sammen med de ansatte, der man vurderte innføring av ny pensjonsordning. Så langt kom vi dessverre ikke, da det oppstod uenighet med Fagforbundet. Dette medførte at Fagforbundet, i mai, tok ut sine syv medlemmer i en streik som varte i fem uker. VG omtalte streiken som «Norges minste streik.» Streiken skapte problemer for resten av de ansatte i det daglige arbeidet, og forlenget prosessen rundt pensjon. Styret vil imidlertid gi honnør til ledelsen og de ansatte for at de klarte å holde senteret åpent i perioden, og at streiken ikke gikk utover tilbudet til pasientene. Utpå høsten fikk vi satt i gang en prosess, med støtte fra eksterne spesialister på pensjon. Medlemmer fra styret var tilstede på oppstartmøte og en bredt sammensatt gruppe jobbet videre med dette utover høsten.

I oktober 2020 fikk vi det endelige avslaget på vår søknad om skattefritak fra Skatteklagenemnda. Etter råd frå advokat og grundig diskusjon i styret, vedtok styret å ta ut stemning mot staten. Rettssaken ble gjennomført i Sogn og Fjordane tingrett i november 2021. Vi fikk ikke medhold.
Dagens regjering signaliserer at de vil at offentlig sektor skal prioritere kjøp av helsetjenester frå private ideelle aktører. Det er derfor viktig for senteret og opprettholde denne statusen. Styret besluttet å anke saken til Lagmansretten.

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er en ideell organisasjon. Aktviteten ved senteret er bygget opp rundt avdøde Christian Bekker sitt testament. Han testamenterte hele eiendommen til Røde Kors i Sogn og Fjordane. Han ville at eiendommen skulle brukes til å fremme det gode i samfunnet. Rehabiliterinstjenester og arbeidsrettet behandling tilhører det gode i samfunnet. Vi kan bidra til at våre pasienter får et bedre liv.

Vi har en avtale med Helse Vest RHF som sier at vi skal levere spesialiserte rehabilititeringstjenester, men også levere tjenester innenfor arbeidsrettet behandling. Denne avtalen går ut i 2022, og nye avtaler er ute på andbud. Vi er invitert inn i anbudsrunden. Vi ser med positive, optimistiske øyne fremover, og skal levere et nytt anbud våren 2022.
Den innsatsen og kreativiteten ledelsen og medarbeiderne har vist ved å klare å holde senteret åpent gjennom to år med pandemi, vil bare kunne bidra positivt inn i Helse Vest sin vurdering av vår søknad om å få fortsette å levere rehabiliterinstjenester innenfor spesialist helsetjenesten i Sogn og Fjordane.

Elsbeth Tronstad, Styreleiar

# I ENDRING OG UTVIKLING


Administrerande direktør: Inger Johanne Osland

2021 har vore eit krevjande år der pandemien har prega både drifta på institusjonen og kvardagen til dei fleste av oss. Periodar med stort smittetrykk både her lokalt og nasjonalt, har påverka både dei tilsette og pasientane som skulle kome til rehabilitering. Stadige endringar i smitteverntiltak har vore krevjande å følgje opp, men eg er stolt av å seie at dette har vi klart på ein utmerka måte. Ikkje minst er det takka svært god styring frå senteret sin kvalitetsleiar og dei tilsette som har følgt opp på ein god måte. Eg vil også i denne samanhengen takke for eit godt samarbeid med Fjaler kommune ved smittevernlegen som alltid har vore open og positiv til å drøfte nye utfordringar som har oppstått.

Også i 2021 har vi hatt eit bra aktivitetsnivå og kring 1100 pasientar har vore til rehabilitering. Vi har klart å ha drift heile året, men har gjennomført opplegg med mindre grupper og færre pasientar inne til ei kvar tid. Pasientane har vore delt inn i kohortar, og dei ulike kohortane har hatt lite med kvarandre å gjere. Gleda var difor stor då kohortane vart avvikla og drifta var tilbake til normalen. Endeleg kunne både pasientar og tilsette vere saman på tvers av grupper.

To år med pandemi har også lært oss mykje og nokre av endringane som vi har gjort, tek vi med oss vidare. Målet vårt er å vere i utvikling for å skape best mogleg tilbod til dei som har behov for rehabilitering hjå oss.

I skrivande stund er det nye avtalar med Helse Vest RHF for levering av framtidige spesialiserte rehabiliteringstenester, som har fokus. Avtala vi har hatt med Helse Vest sidan 2015 går ut ved årsskiftet og vi satsar på å få ei ny langvarig avtale med det regionale helseføretaket. Vi meiner at tenestene vi tilbyr er av høg kvalitet, og ser dagleg at pasientane har god nytte av tilbodet dei får ved institusjonen. Å få eit avbrekk i kvardagen, og tid til å ta tak i eigen situasjon for å gjennomføre endringar som kan betre helsesituasjonen, er viktig for mange. Men for at rehabiliteringa skal ha effekt på lengre sikt, er det viktig at dei endringane som ein gjer på eit opphald, fortset og når ein kjem heim igjen. Samarbeid med aktørar i lokalmiljøet er difor sentralt i opplegget vårt, anten det er samarbeid med andre helseaktørar, NAV, arbeidsgjevar eller frivilligheita. Rehabiliteringsopphaldet skal vere del av eit samanhengande pasientforløp.

Gjennom snart 30 år har vi systematisk utvikla kunnskapsbaserte tilbod for mange ulike pasientgrupper. Nokon har vi hatt tilbod til sidan oppstarten i 1993, andre har kome til undervegs. Tilbodet til barn og unge er relativt nytt, og vi håper at vi i framtida får starta opp endå fleire tilbod til barn og unge som har behov for denne type tenester. Senteret med sine fasilitetar og flotte plassering ved fjorden, gjer mange moglegheiter for å prøve ut nye aktivitetar, delta i fellesskap med andre og oppleve meistring. Vi håper at endå fleire framover skal få kome til senteret for å få ta del i det flotte tilbodet ein har her.

Flekke 24.05.22
Inger Johanne Osland, Administrerande direktør

## REHABILITERING FOR BORN OG UNGE

Siden 2017 har vi hatt tilbod til barn og ungdom som har gjennomgått kreftbehandling. Nyleg utvida vi tilbodet til også å omfatte born og unge med funksjonsnedsettingar. Eit opphald her varer i tre veker og inkluderer daglige aktivitetar, fagleg oppfølging og skulearbeid.

Med rehabiliteringssenteret si nærleik til fjorden og naturen, er uteaktivitet som fisking, båt-, kano- og kajakkturar sentralt. I nærområdet er det også fine tilrettelagte turløyper og naturareal. Senteret har eige aktivitetsbygg, med to basseng, treningssalar, gymsal og klatrevegg.

Eit opphald ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er lagt opp til at både barn og foreldre skal få bygge nettverk med andre i same situasjon som dei sjølv. Ei gruppe består av 10-12 barn og føresette, der barna vert delt inn i grupper etter alder og fysiske behov. Alle får eigne bueiningar under opphaldet, og kvar sin koordinator som følgjer barnet gjennom heile forløpet.

Born og ungdom får møte andre som har liknande utfordringar, og dei får lære av kvarandre, dele tips og erfaringar. Vi legg opp til ulike aktivitetar for barna både ute og inne, og lar barna oppleve meistring og glede.

Senteret har eit stort tverrfaglig team med m.a. legar, sjukepleiarar, fysioterapeutar, ergoterapeutar og ernæringsfysiologar. Saman kan vi la barna prøve nye ting, og tilby spesifikke aktivitetar som er hensiktsmessige for barna. På same tid har vi den medisinske behandlinga og kompetansen med til å hjelpe oss.

Mestring, glede og lyst er nøkkelord for rehabiliteringssenteret. Vi snakkar også mykje om energi og balanse, og det å få til balansen mellom fritid og skulegang. Den balansen i kvardagen er viktig for barna.

Senteret har fokus på at barna skal få delta på tilrettelagte aktiviteter som gir meistring. Vi har mange moglege aktivitetar som gjer at alle kan få prøve og bli kjent med noko. Dette kan bidra til auka aktivitet, og gi barna moglegheita til å oppleve meistring.

Vi ser stor forskjell frå barna kjem, og til dei skal reise igjen. På slutten av opphaldet har dei ei anna utstråling og mange fortel om kor kjekt dei har hatt det. Dei seier også at det er meir opne for nye ting enn dei var før. Den sosiale biten, og at dei får utfordra seg sjølv, blir ei styrke. Mange av barna held kontakt med kvarandre etterpå, og dermed får dei bygga eit unikt nettverk med andre i same situasjon som seg sjølv.

Gruppeopphald for barn og unge skjer primært på vår, sommer og haust, slik at vi får brukt den vakre naturen, og i større grad kan ta i bruk sjø- og fjordaktivitetar i rehabiliteringa.



Foto: David Zadig

## «TRAPPETRINN – EN FORTELLING AV ELISABETH»

*Det kjennes så underlig når taxien stanser foran Hauglandsenteret. Jeg tar meg i å lure på hvordan jeg egentlig kom hit. Altså, rent bokstavelig kom jeg jo med båt, buss og taxi, men jeg lurer på hvordan jeg ble så dårlig at jeg trenger å være her. Hvor gikk det galt, og hvorfor lyttet jeg aldri til kroppen min?*

Tre uker med rehabilitering ligger foran meg. Tre uker, så blir jeg kanskje helt frisk. Det er det jeg først tenker. At jeg endelig skal bli meg selv igjen. At dette maskineriet vi kaller kroppen atter igjen skal spille på lag med meg. Tre uker skal det ta. Så skal jeg hjem igjen. Sprek og blid og… Nei. Det er jo ikke helt sånn.

Jeg skal lære meg å skape meg en bedre hverdag. Jeg skal kort fortalt bruke oppholdet her for å få det best mulig når jeg kommer hjem. Det er kanskje ikke like mye å rope hurra for, som det å bli helt frisk, men det er jo noe. Et steg av gangen, som det sies.

Steg får vi høre mye om. I trapper. Koordinatoren tegner en trapp, han ene fysioterapeuten tegner en hakket mer avansert trapp, ergoterapeuten snakker om en trapp, og direktøren likeså. Jeg hater hele konseptet, for jeg går jo ikke i trapper. Jeg løper opp, tar gjerne flere trinn på en gang. Eller eventuelt en heis, om jeg skal være helt ærlig. Men nå skal vi altså gå trinn for trinn. Jeg skal lære meg å stoppe opp, som en Espen Askeladd eller en røyskatt, ifølge sjefen selv her. Jeg skal se meg rundt før jeg gå videre, og jeg kan gjerne stå på det samme trinnet lenge. Jeg kan til og med ta et trinn eller to ned igjen.

Helt nytt er det jo ikke, jeg har hørt lignende før. Jeg har bare valgt å overhøre det der jeg har hastet gjennom livet i et jag etter å være først eller best. Eller i alle fall blant de første og beste. Prestere, prestere, prestere. Stoppe opp kan man gjøre siden.

Nå skal jeg altså nærmest lære meg å puste. Lære meg å observere. Ting, som det nærmest irriterende blikkstille vannet foran oss, der trærne speiles i vannflaten, og ender flyter stille forbi og danner en v bak seg.

Det er natur på alle kanter, og den bare er her. Og akkurat som den bare er, skal vel også vi forsøke å bare være.

Jeg vet ikke om jeg har tid til alt dette, jeg skal jo bli frisk. Jeg forstår ikke hvorfor timeplanen ikke er fullere enn den er. Jeg vil jo utnytte disse tre ukene best mulig, og mest mulig effektivt. Ikke stoppe opp.

Jeg har fått mange tips før jeg kom inn hit. At her er dem erfarne, så det gjelder å lytte og å være åpen. Men det hadde vært lettere å lytte om de ikke maste så veldig om disse trappetrinnene. Om å stoppe opp. Det er jo fullt mulig å stoppe opp på toppen også, å nyte utsikten derfra, tenker jeg. Å ta trinnene som en tiger, ikke en røyskatt.

Men jeg lytter likevel, selv om hver eneste fiber i kroppen min skriker etter å få gjøre mer. For det kan jo hende at de vet hva de snakker om. Det jeg gjorde før jeg kom hit virket jo uansett ikke, så jeg gir det en sjanse.

Jeg tar det steg for steg. Bygger stein på stein, som tidligere Brann-trener Mons Ivar Mjelde ville ha sagt det. Mantraet hans var et mareritt for journalister som gjerne ville ha litt spenstigere ting å skrive om. Og for supporterе og en hel by, som var sulteforet på titler. Stein på stein, hvem har tid til det?

Så klarte han jo det, Mjelde, altså. Han tok faktisk gull med Brann. Cupgull i 2004 og så seriegull i 2007.

Jeg har ikke noe edelt metall som lokker der fremme. Ingen pokal, ingen heder og ære å jakte. Jeg vil bare bli frisk, eller friskere, i alle fall. Så jeg fortsetter å lytte. Jeg gjør lydig akkurat som jeg får beskjed om.

Folkene her er fantastiske. Ikke bare dem som jobber her, men også gruppen jeg er kommet i. Før oppholdet tenkte jeg ikke på medpasienter i det hele tatt, så det å havne i en så fin gjeng er en skikkelig bonus.

Sammen deler vi både opp- og nedturer, og sammen hei-

er vi på hverandre. Vi er så forskjellige, med ulik yrkesbakgrunn, alder og sykdom, men finner likevel en enorm støtte i hverandre. En lagfølelse som ofte tar mange år å få til, oppstår på kort tid her i boblen vi er i.

Her er vi samlet i sykdom, men det som preger oss er pågangsmot, godt humør og heiarop. På tross av smerter, fortvilelse, skader, sykdom og utfordringer, så er her alltid et smil på lur. Eller en morsom kommentar, og en enorm positivitet. Og plutselig så kjennes det ikke så ensomt å være syk lenger.

Vi har alle et mål. Det er kanskje ikke det samme, men jeg liker å se det for meg som om vi sitter i kajakker ved siden av hverandre og padler mot en litt lysere hverdag. Hver for oss, men sammen likevel. Det kjennes fint, synes jeg.

Det er så deilig i denne boblen. Det å fokusere på seg selv og egen bedring, det å ha en timeplan tilrettelagt for oss. Så kjennes det nesten litt skummelt at vi må ut av boblen igjen.

I starten var tanken på tre uker her som en liten evighet, men så vokser det seg frem en uro. En snikende følelse av ikke å føle seg klar for å dra hjem. En kvelende følelse av at man kanskje ikke er riktig klar for virkeligheten så raskt. At tre uker er for lite.

Ingen av oss vet hva fremtiden bringer. Vi har alle fått kjenne på kroppen at livet kan være uforutsigbart. Men mens vi nærmer oss hjemreisen så senkes skuldrene gradvis. Vi har fått mange gode verktøy med oss i sekken, og forhåpentlig vil vi klare å benytte disse i hverdagen vår.

Men det kjennes på kroppen at jeg skal hjem til en hverdag som ikke er like tilrettelagt som her, og uten de dyktige fagfolkene rundt meg. Det føles som å lære seg å sykle helt på ny, at alle slipper taket i sykkelen min samtidig, og at jeg vaklende forsøker å balansere den uten hjelp videre. Støttehjulene våre er borte.

Og det er først da det virkelig går opp for meg at oppholdet her kun er en begynnelse, for nå skal vi sykle videre alene. Selv om ikke alle føler seg like klare, så tror jeg at vi er bedre rustet enn da vi kom.

Og det handler jo ikke om å sykle fortest eller om å sykle lengst. Det handler ikke en gang om hvilken sykkel man har.

Det handler kun om å sykle.
På sin egen sykkel, i det tempoet man klarer.»






# KULTUR OG FRITID

Gjennom to år med koronapandemi har kultur- og fritidsavdelinga ved senteret vore gjennom store endringar. Nye og skiftande krav til avstand og kohortar, medførte hyppige omleggingar av planane. For å klare å oppretthalde drift med avstandskrav, måtte avdelinga gi frå seg areal til utviding av matsalen. Det var ikkje mogleg å ta inn eksterne ressursar, og vi kunne i liten grad samle pasientar til konsertar, sosiale samkomer og liknande. Aktiviteten har vore avgrensa til det ein kunne få til her på senteret, med god avstand innanfor små grupper. Til tross for ein utfordrande periode, har mange pasientar likevel kunne nyttegjere seg av tilbodet på avdelinga.

Det siste året har vi innreia Snikkarbua, eit koseleg naust nede ved fjorden. Dette er blitt lokale for maling og anna småhandverk. Snikkarbua har vorte ein populær plass, der pasientane jobbar med måling, nålefilting, spikking og enkelt lærarbeid. Vi høyrer frå pasientane at det er godt å komme ned dit, bort frå det litt travlare området på hyttene og aktivitetshusa.

I koronaperioden etablerte vi ein uteverkstad under tak for kreativ utfalding. Der la vi til rette for arbeid med ulike naturmateriale, særleg knytta til høgtider som jul og påske.

Vinteren 2021/22 fekk vi laga til eit nytt rom på hovudhuset slik at hobbyaktivitetane vart meir tilgjengeleg for dei som ikkje kunne nytte Snikkarbua. Dette rommet ligg sentralt plassert, og det er lett å stikke innom. Hobbyrommet har vorte eit populært rom å tilbringe ledig tid på. I tillegg er det nytta til rettleiing, kurs og individuell finmotorisk handtrening.

På tross av eit redusert kultur- og fritidstilbod under pandemi, har trivselen vore god, og gruppene har kosa seg saman med sin kohort. Dei har nytta det fine nærområdet, fjella, sjøen og gjort sosiale aktivitetar saman.

Turstiane i området er populære, og vi held på med å byte ut dei fleste turskilta rundt senteret. Skilta blir oppgradert til å innehalde både avstand og vanskegrad, noko som har vore sakna av mange. Det skal i nærmaste framtid komme fleire skilt slik at alle turane er godt skilta. Ei stor karttavle med informasjon skal og på plass. Desse tiltaka vil gjere området endå meir tilgjengeleg og lettare å orientere seg i.

Framover vil vi jobbe for å få igang att samarbeidet med UWC og andre eksterne aktørar i lokalmiljøet. Vi gler oss over at samfunnet er opna opp igjen, og for alle moglegheitane som igjen opnar seg innan kultur- og fritidstilbodet ved senteret.






## UTDANNINGSINSTITUSJON

**TURNUSKANDIDATAR:**
15.02.21-15.08.211 turnus fysioterapeut (frå Høgskulen Vestlandet, Bergen)

**LÆREKANDIDAT:**
21.10.19 – 20.10.211 lærekandidat i helsefag (Dale vidaregåande skule)

**PRAKSISSTUDENTAR:**
Årleg har vi brukt å ha 20-25 studentar i praksis, der praksisperioden kan vere alt frå ei veke til 11 veker. I 2021 hadde vi grunna pandemi færre studentar enn normalt. Vi tok totalt imot 14 studentar i praksis fordelt på faggruppene fysioterapi (2), ergoterapi (2) og sjukepleie (8). I tillegg hadde vi to studentar innan bachelorstudiet Folkehelsearbeid med vekt på kosthold og fysisk aktivitet. Alle studentane kom frå Høgskulen på Vestlandet (Førde og Bergen).

Grunna pandemi har det kun vore gjennomført éi hospitering i 2021. To rådgjevarar, éin helsesekretær og éin lege frå Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering (Vurderingseininga) hospiterte ein dag med fokus på gjensidig presentasjon, samtale og omvisning på senteret.

## NETTVERKSARBEID

**I 2021 HAR VI DELTATT AKTIVT I:**
- Kjernenettverk innan arbeidsretta rehabilitering
- Kjernegruppa for helsesportssentra
- Nasjonalt nettverk for uterehabilitering
- Nettverk for ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling
- FOU-nettverket Virke Rehab
- Nettverk for forsking og utvikling innan kreftrehabilitering

**I TILLEGG HAR VI DELTATT I:**
- Referansegruppe for Nasjonal kompetanseteneste for arbeidsretta rehabilitering
- Referansegruppe for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Programkomité for regional forskingskonferanse
- Arbeidsgruppe for Møteplass for rehabilitering i Sogn og Fjordane

## KOMPETANSEUTVIKLING

Senteret har som mål å levere samfunnsnyttige og kunnskapsbaserte rehabiliteringstenester av høg fagleg standard, og vere ein organisasjon der ein har fokus på læring og kontinuerleg forbetring, både på individ og systemnivå. Det vert utarbeidd to-årige kompetanseplanar som gjer retning for våre prioriteringar. Vi deltek i ulike fagnettverk og vi har stort fokus på at tilsette opprettheld kompetanse og får vidareutvikle seg innan våre satsingsområder.

Satsingsområde for 2020-2021 har vore:

- Helsesportsaktiviteter
- Fjord, fjære og sjø aktiviteter
- Aktivitetshjelpemiddel
- Kognitiv terapi
- Barn og unge
- Kompetanseheving innan fagområda:
- ARR
- Nevrologi
- Kreft

Også i 2021 har det blitt ein del endring i høve planer om kurs grunna pandemi. Tilsette har delteke på totalt 29 ulike webinar. Første halvår deltok tilsette kun på webinar/nettkurs, medan ein andre halvår i tillegg deltok på ulike kurs eller konferansar som inkluderte fysisk oppmøte og reising. I tillegg har det vore gjennomført to kurs på senteret med 8 og 13 tilsette.

Alle våre satsingsområda er dekka. I tillegg kjem andre relevante fagområder som smittevern, smerte, ernæring, søvn, forflytting og aktuelle rehabiliteringskonferansar.

Det er ei god fordeling på faggrupper i høve kursdeltaking på helseavdeling.

**% - TIDSBRUK FORDELT PÅ SATSINGSOMRÅDER**




## DRIFTSAVTALAR

Senteret har driftsavtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og arbeidsretta rehabilitering. Begge avtalene er prolongert ut 2022.

**Spesialisert rehabilitering**
Avtala om spesialisert rehabilitering omfattar totalt 21 212 døgn og 250 dagar. Innanfor denne volumramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Svulstar
- Endokrine sjukdommar, ernæringssjukdommar og endokrine forstyrringa
- Sjukdommar i nervesystemet
- Sjukdommar i øyre og øyrebeinsknute (tinnitus, menières og vestibulære sjukdommar)
- Sjukdommar i muskel- og skjelettsystem og bindevev – kroniske muskel og blautdelsmerter
- Sjukdomar i sirkulasjonssystemet - hjerneslag
- Skader – hjerneskader
- Osteogenesis Imperfecta (OI)
- Multiple Osteokondromer (MO)/ Olliers sjukdom

**Arbeidsretta behandling**
Arbeidsretta behandling er eit diagnoseuavhengig tilbod der hovudmålet med rehabiliteringa er å auke arbeidsdeltaking. Avtala omfattar totalt 4185 døgn og 1400 dagar, dvs. 13 døgnplassar og 4 dagplassar.

# DIAGNOSEFORDELING

Vi hadde totalt 1118 pasientar inne til behandling i 2021. Gjennomsnittleg opphaldstid var 20 dagar. På grunn av pandemien gjennomførte vi ikkje dagtilbod i 2021. 100 % av pasientane som var til behandling var vurdert til å ha rett til nødvendig/ prioritert helsehjelp.

Pandemien er hovudårsaka til at vi har hatt færre pasientar enn det vi har i eit normalår. Flest pasientar som har fått behandling er søkt inn under gruppa muskel/skjelett og bindevevssjukdommar. Også av dei pasientane som har fått eit ARR-tilbod, er det flest pasientar med diagnose innan muskel/skjelett og bindevevssjukdomar.




# PASIENTSAMANSETTING

I 2021 hadde 97 % av pasientane bustad i Helse Vest sitt området, av dette var 87 % frå Vestland og 10 % frå Rogaland.

Totalt har det vore pasientar frå 73 ulike kommunar til rehabilitering på senteret i 2021. Flest pasientar kom frå Bergen kommune (342), deretter Kinn kommune (60), Alver kommune (59) og Sunnfjord kommune (59).

I 2021 var 73 % av pasientane tilvist frå fastlegar, 26 % tilvist frå sjukehus og 1 % frå andre (bedriftshelseteneste, fysioterapeutar m.m.)
Det har vore flest kvinner (69 %) til rehabilitering ved senteret i 2021. Gjennomsnittsalder var 50,5 år. 8 % av pasientane var under 30 år og 7,5 % av pasientane var over 70 år.




# SUBJEKTIV VURDERING AV ENDRING

Patients' Global Impression of Change scale (PGIC), måler pasienten sitt overordna inntrykk av endring av eiga helse.

Av dei som har svara opplever 77 % av pasientane betring av eiga helse ved avreise, 16 % rapporterer inga endring og 7 % opplever forverring av helse i løpet av opphaldet.



## LIVSKVALITET

Det er eit mål for oss at eit rehabiliteringsopphald skal føre til auka livskvalitet for pasientane. For å kartlegge dette, nyttar vi skjemaet EQ-5D-5L. Pasientane vert bedt om å vurdere eiga helse på ein skala frå 0 til 100, der 100 er best helse. I same skjema vert ein og bedt om å vurdere eigne utfordringar /problem i høve:

- Gange
- Personleg stell
- Vanlege gjeremål
- Smerte/ubehag
- Angst/depresjon

75 % av pasientane har svara på dette skjemaet ved ankomst og ved avreise. Pasientane scorer i snitt 48 ved ankomst og 54,9 ved avreise, noko som utgjer ei forbetring av opplevd helse ved avreise.
Resultat viser at det er størst gjennomsnittleg forbetring på områda «Vanlege gjeremål». Det er forbedring i alle dimensjoner, bortsett frå i kategorien «Personleg stell» som er uendra.




## ENDRING I PSYKISK HELSE

Pasientane blir kartlagt for angst og depresjon både ved ankomst og avreise. Målet vårt er 100 % svardeltaking. I 2021 svara 75 % av pasientane.

**Angst:** Ved ankomst scorer 53 % innanfor normalverdier. Ved avreise er andelen auka til 64 %. Ved ankomst scorer 7 % av pasientane innan moderat til alvorleg angst. Ved avreise ser vi ein reduksjon i angstscore til 4 %.

**Depresjon:** Ved ankomst scorer 67 % scorer innanfor normalverdier. Ved avreise er andelen auka til 76 %. Ved ankomst scorer 4 % av pasientane innanfor alvorleg depresjon. Ved avreise ser vi ein reduksjon på alvorleg depresjonsscore til 2 %.






## RESULTAT AV BRUKARUNDERSØKING VED RØDE KORS HAUGLAND REHABILITERINGSSENTER 2021

Svarprosent: 68,3% (764 av 1118 pasientar i 2021)

### 1. Opphaldet




### 2. Behandlarane



## 3. Organisering




## 4. Omgjevnader og miljø ved institusjonen




## 5. Var fylgjande tilfredsstillande på institusjonen?




## 6. Generelle vurderingar




## 7. Utbyte av rehabiliteringsopphaldet



# ÅRSMELDING FOR 2021

## Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

### 1. Art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og avtale om arbeidsretta behandling. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

### 2. Resultat og stilling

Rekneskapen for 2021 er positivt med kr 5 540 894,-. Bokført eigenkapital er auka frå kr. 37 021 003,- til kr. 42 561 898,-. Likviditet og eigenkapitalen er god.

### 3. Framtidig utvikling

Driftsåret 2021 har vore prega av Covid-19 pandemien. Senteret har grunna nødvendige smittevernomsyn hatt redusert drift gjennom heile året.
Helse Vest reduserte kravet til aktivitet frå 90 % belegg til 80 % belegg i perioden januar til og med oktober. Dette bidrog til at vi klarte å få eit positivt resultat, sjølv med redusert aktivitet.

Det er usikkert i kva grad pandemien vil ha innverknad på drifta i 2022, men styret meiner at nødvendige tiltak er sett i verk for å sikre ei god drift.
Selskapet har ikkje fått medhald i Sogn og Fjordane tingrett gjeldande spørsmålet om skatteposisjon. Saka er anka til lagmannsretten.
Sentralt i driftsgrunnlaget er driftsavtale med Helse Vest RHF, som er forlenga til å gjelde fram til 31.12.2022. For å kunne ha forsvarleg drift framover, er selskapet avhengig av å vinne fram i komande anbodskonkurranse om ny avtale frå 2023.

### 4. Framleis drift

Styret meiner at selskapet er i god posisjon til å vinne framtidig anbodskonkurranse og at føresetnaden for framleis drift er til stades. Dette er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

### 5. Finansiell risiko

Selskapet er i liten grad eksponert for finansiell risiko. Marknadsrisiko er beskjeden så lenge ein har driftsavtale med helseføretaket i regionen. Det same gjeld kredittrisiko og likviditetsrisiko. Det er liten risiko for vesentlege tap på krav og selskapet har solid likviditet.

### 6. Arbeidsmiljø

Totalt sjukefråvær i 2021var på 6,9 %. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

### 7. Likestilling og diskriminering

